

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2023

Vår ref
23/4131

Dato
04.09.2023

Statsbudsjettet 2023 – Tilleggsløyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsløyvingar hausten 2023. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsløyvingar for 2023 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 18. oktober 2023. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2022
- Saldert budsjett 2023 + tilleggsløyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2023

I hovudbudsjettskrivet for 2024 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2023 innan 31. juli 2023. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsløyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 24. november 2023. Departementa er sjølv ansvarlege for at omtalen i proposisjonane er utforma i tråd med regjeringa sin politikk og konklusjonar i regjeringa. Departementa må sende Finansdepartementet særleg viktige delar av proposisjonen innan 20. november 2023.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2023 vil etter planen verte fremja i statsråd 1. desember 2023.

Med helsing

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Mathias Ringdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer